

Sunnhordland museum  
v/Johanne Øvstebø Tvedten (undervisningsleiar)  
Postboks 51  
5401 Stord

Til Kulturkontoret  
Stord kommune  
v/Guri Andersen Aksnes

## **SØKNAD OM MIDLAR TIL PROSJEKT I «DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN»**

### **PROSJEKT 1:**

**Namn på tiltak:** **«Slik hugsar eg Stord!»**

**Skildring:** **Vandreutstilling med bilde frå Stord på 40-, 50- og 60-talet.**

Å sjå bilde frå si si eiga ungdomstid eller sin eigen barndom, vekkjer minne til live og gir mange høve til å fortelje om seg sjølv til dei ein omgår. Bilda er med og skaper kommunikasjon og engasjement, og på den måten skaper dei trivsel og kontakt. Spesielt for dement kan slike bilde vere med på å aktivisere bebuarane, dei får ei meistringskjensle av å kjenne seg igjen, og av å ha noko å fortelje. Meistring gir dei igjen verdighet midt i ein kvar dag som elles er prega av alt dei *ikkje* kan.

Museet sit på ei rekke fotosamlingar frå vår nære fortid, og ynskjer å formidle desse på ein god måte til publikum. Eit samarbeid med Stord Sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter vil difor vere positivt for alle partar, ved å gje museet ein arena for si formidling som vil kome bebuarane på institusjonane til gode.

Vi ser for oss bilde med enkel tekst produsert på min. 4 «roll-ups» eller på enkle, lette stativ som raskt kan flyttast og settast opp ein ny stad.

**Målgruppe:** **Bebuarar på Stord Sjukeheim m/underavdelingar, og Knutsaåsen omsorgssenter m/underavdelingar.**

**Kulturgenre/tema:** **Foto og samfunn:** Menneske i samhandling og samvær. Fest og feiring før i tida. Samferdsel som båt, buss og ferjer.

**Arena:** **Stord Sjukeheim m/underavdelingar, og Knutsaåsen omsorgssenter m/underavdelingar. Kulturhuset på Leirvik mfl.**

**Søknadssum:** **35.000,-**  
Utveljing av foto og prod. av tekst: 7.000,-  
Design: 8.000,-  
Produksjon og trykking: 20.000,-

**Anna finansiering /stønad:** Ingen

## PROSJEKT 2

**Namn på tiltak:** «HEIM»

**Skildring:** **Musikalsk forteljeframføring om Sønneva Føyen si eiga barndoms- og ungdomsforteljing**

Sønneva Føyen vart fødd på Stolmen i Bømlo, og vaks opp i ein stor familie med seks born. Faren dreiv handelsstaden og posthuset der, og somrane hos besteforeldrene på Hiskjo var høgdepunkta i tilværet. Men så dør mor hennar frå dei, og minstebarnet er berre 3 mnd gammal. Livet blir omsnudd, gleda er borte, og ansvaret på dei eldste søskena blir mangedobla. Heimen blir ikkje som før, for året etter flyttar det inn ei ny dame i huset. Men Sønneva klarar ikkje å kalle henne mor... Etter mange år som tenesetejente i sin eigen heim, lengtar Sønneva bort. Ho lengtar også etter å skape sin *eigen* heim.

Denne framføringa vart fyrste gong presentert for publikum hausten 2013, ilag med songaren Ingebjørg Loe Bjørnstad og trekspelar Frode Haltli på Sunnhordland museum. Publikum tok vel imot førestillinga, og no ynskjer Sunnhordland museum å gje den vidare til nye målgrupper, men denne gongen i samarbeid med andre musikarar, t.d. frå Stord Kulturskule eller Trio Vest.

**Målgruppe:** **Bebuarar på Stord Sjukeheim m/underavdelingar, og Knutsaåsen omsorgssenter m/underavdelingar.**

**Kulturgenre/tema:** **Forteljeframføring, og visesong med akkompagnement.**

**Arena:** **Stord Sjukeheim m/underavdelingar, og Knutsaåsen omsorgssenter m/underavdelingar. Kulturhuset på Leirvik mfl.**

**Søknadssum:** **20.000,-**  
Innleige av musikarar/songarar : 8.000,-  
Innøving av forteljetekst: 4.000,-  
Fellesøvingar: 8.000,-

**Anna finansiering /stønad:** Ingen

Med vennleg helsing

Johanne Ø. Tvedten

Stord, 26.08.14